

Gøtz AS

Karmsund Havn IKS
Garpeskjærvegen 2
5515 Haugesund
Postboks 186, 5501 Haugesund
T: +47 52 70 37 50
F: +47 52 70 37 69
E: postmottak@karmsund-havn.no

Vår ref:	Saksbehandler	Dato
2021/1016 2	Heidi S. Nymann	20.10.2021
Deres ref:		

Vedr. PlanID: 202101 - Melding om oppstart av detaljreguleringsplan for bustadområde Steinavågsneset, gnr. 14 bnr. 265 m.fl., Bømlo kommune

Vi viser til Deres brev av 29.09.2021 vedrørende varsel om oppstart av ovennevnte planarbeid.

Det opplyses at «formålet med reguleringsplanen er å omregulere den delen som i gjeldende plan ligger inne som «barnehage» til boliger (frittliggende og konsentrert) med tilhørende lekeområde og trafikkareal.».

Ved planlegging i sjø må ta det tas hensyn til sjøvertsferdsel, og det er derfor viktig at det ikke planlegges tiltak/aktiviteter som kan komme i konflikt med fremkommeligheten i farleden.

De tiltak som planlegges etablert må prosjekteres og dimensjoneres slik at de tåler den belastningen de kan bli påført i farvannet.

Karmsund Havn IKS vil minne om at alle tiltak som kan påvirke sikkerheten eller framkommeligheten i farvannet krever tillatelse etter lov om havner og farvann av 21.juni 2019. Det må tas med i planbestemmelsene at tiltak som faller inn under havne – og farvannslovens bestemmelser skal godkjennes av havnemyndighet.

Karmsund Havn IKS ber om at vi blir en høringsinstans også ved forslag til detaljreguleringsplan for området.

Med hilsen

Heidi S. Nymann
Plan- og forvaltningssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet signatur.

Gøtz AS
KunnskapshusetSæ 132
5417 STORD

Vår dato: 11.11.2021
Vår ref.: 202115380-2
Dykkar ref.:

NVE sitt innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Steinavågneset - Gnr. 14 bnr. 265 mfl. - Planid 202101 - Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 29.09.2021. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Steinavågneset i Bømlo kommune. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for bygging av bustader med tilhøyrande leikeområde og trafikkareal.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Konkrete innspel

Planområdet dekker utløpet til ei stor myr. Dersom terskelen for dette utløpet vert senka eller utvida vil det kunne føre til at myra tørkar ut. Det kan igjen føre til raskare nedbryting av organisk materiale og auka CO₂ utslepp. Dersom terskelen vert heva og/eller snevra inn kan det føre til høgare vasstand og potensielt auka fare for overvassproblem rundt myra. NVE rår difor til de legg opp til ein arealbruk som ikkje medfører slike uheldige endringar av avrenninga. Planen bør sette krav om dokumentasjon av avrenningstilhøva før og etter utbygging.

Generelle råd

For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre [internettsider for arealplanlegging](#). Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#). Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.



NVE si oppfølging av planarbeidet

Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentlig ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE.

NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Toralf Otnes
Senioringeniør

Godkjent av Heidi Mathea Henriksen
Senioringeniør

Godkjend etter NVE sine interne rutiner.

Mottakerliste:

Gøtz AS

Kopimottakerliste:

Bømlo kommune
STATSFORVALTAREN I VESTLAND

GØTZ AS
Sæ 132
5417 STORD

Fråsegn til melding om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for gnr. 14 bnr. 265 m. fl., Steinavågsneset, Øvre Grindheim, Bømlo kommune

Vi viser til brev datert 29.09.21 om oppstart av arbeid med detaljregulering for gnr. 14 bnr. 265 m. fl., Steinavågsneset, Øvre Grindheim, Bømlo kommune. Hovudføremålet med reguleringa er å regulera om frå planlagt barnehage til bustader. Føremålet er i hovudsak i samsvar med reguleringsplan der området er sett av til bustader, barnehage, nærmiljøanlegg, småbåtanlegg, køyreveg, gang/sykkelveg og friluftsområde i sjø. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.

Vurdering og innspel

Vestland fylkeskommune vurderer oppstartsmeldinga ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar. For kommunar i gamle Sogn og Fjordane og Hordaland gjeld dei vedtekte regionale planane innanfor dei tidlegare fylkesgrensene fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

Landskap, arkitektur og estetikk

All utbygging har verknad på landskapet. Planlegginga må difor sikre at byggjetiltaka og infrastruktur innordnar seg dei fysiske omgjevnadene, for å redusere eventuelle negative fjernverknader. Ein bør særleg taka omsyn til arkitektur, materialval, terrenginngrep, fjernverknad og tilgjenge til/bruk av friområde og grøntområde.

Ny busetnad bør vurderast i høve til å dekkja inn nye kvalitetar og kompletterande funksjonar. Ein bør søke å leggje til rette for sosial berekraft. I denne samanheng god bukvalitet med bustader som har god tilgang på skjerma uteareal, lys og luft. Ein variert storleik på bustadene for å mogleggjere ei differensiert samansetting av bebuarar vil vere med å auke bukvaliteten og skapa eit meir mangfaldig nabolag og styrke områdetets befolkningssamansetting. Krav til bukvalitet må vektast tyngre enn høg utnyttingsgrad.

Barn og unges interesser og universell utforming

Regionale planar sett retningslinjer for lokalsamfunn, nærmiljø og bustad. Det skal sikrast gode uteareal. Kvaliteten på og tilgjenge til områda må vere såleis at born kan bevege seg til og frå på ein trygg og naturleg måte. Trygg ferdsel for barn må sikrast.

Utforminga må vere av høg kvalitet både estetisk og materielt og kunne nyttast av alle aldersgrupper.

Leikeareal og opphaldskvalitetar for born og unge bør utformast slik at dei er universelt utforma, har god og attraktiv utforming og tilfører området gode kvalitetar både som leikeområde og møteplass.

Fylkeskommunen vektlegg at universell utforming må ligge til grunn for val av løysingar tidleg i planlegginga. Dette gjeld særleg løysingar for tiltak for å lette orientering og farbarheit i området for svaksynte og rørslehemma.

Folkehelse

Skjerming frå støy er ein viktig faktor for trivsel og helse. Støy bør greiast ut for i tidleg fase i planlegginga og bli lagt til grunn for plassering og utforming av bygg. Ved gode arkitektoniske løysingar vil ein kunne syte for skjerming av bustader og trivelege uteareal.

Strandsone

Vestland fylkeskommune forutsett at tiltak/planlagt endring ikkje vil føre til endringar i strandsona.

Kulturminne

Vi viser til tidlegare fråsegn om kulturminne i samband med at overordna plan, samt seinare justering av omsynssone H 570, var lagt ut til offentleg ettersyn. Kartlegging av kulturminneinteressene i dei aktuelle areala har blitt gjennomført ved arkeologisk registrering under den forutgåande planprosessen.

Ut frå våre arkiv og resultata etter den arkeologiske undersøkinga, kjenner vi ikkje til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne i dei aktuelle areala omfatta av den nye detaljreguleringa. Saka har også vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum. I høve e-post datert 07.10.2021 kjenner ikkje museet til marine kulturminne som kan bli råka av ny detaljregulering, og har ingen indikasjonar på at området har vore nytta som ankringsstad eller hamn i eldre tid.

Kulturminneforvaltinga i Vestland fylkeskommune har ingen vidare merknader på noverande stadium i planprosessen.

Samferdsel

Vestland fylkeskommune har ikkje særskilte merknader knytt til veg i denne planen, men oppmodar om at ein lagar trafikksikre løysingar for å sikre trygg ferdsle for mjuke trafikantar.

Vi ber generelt om at følgjande tema blir tekne omsyn til i reguleringsprosessen:

- Plassering og utforming av naudsynte tiltak knytt til veg (kryss, avkøyrslar, busslommer, tilbod til mjuke trafikantar m.m.)
- Tilhøva for mjuke trafikantar mellom varsla planområde og nærliggjande målpunkt (t.d. busshaldeplassar, skule m.m.)
- Tiltaket sine konsekvensar for vegtrafikken i bygge- og anleggsfasen, med særleg fokus på mjuke trafikantar
- Vegtrafikkstøy
- Tekniske vegteikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker

Meir informasjon

Meir informasjon om plantema, rettleiarar og statistikk/kart kan ein finne på nettsidene våre <https://www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing/> .

Oppsummering

Vestland fylkeskommune ber om at planarbeidet legg særleg vekt på landskap, arkitektur og estetikk, barn og unges interesser og universell utforming, folkehelse, strandsone, kulturminne og samferdsel.

Vi står til disposisjon viss ein skulle ha spørsmål rundt regionale plantema og vidare planprosess.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
fagleiar

Arvid Hauge
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Sakshandsamarar:

Arvid Hauge, avdeling for PKF - plan, klima og folkehelse

Tore Slinning, avdeling for KII - kulturarv

Eva Birgitte Teige, avdeling for INV – forvaltning og utgreiing

Kopi til:

Bømlo kommune

Leirdalen 1

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen
2

Statens vegvesen

Postboks 1010 Nordre Ål



GØTZ AS
Sæ 132
5417 STORD

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sarah Kvåle Skouen, 55 57 21 15

Uttale til oppstart av detaljreguleringsplan for bustadfelt Steinavågsneset, planID 202101 – Bømlo, gbnr. 14/265 m.fl, Grindheim øvre

Vi viser til oversending den 29.09.2021, med varsel om oppstart av detaljreguleringsplanarbeid for bustadområde Steinavågsneset, gnr. 14 bnr. 265 m.fl., Grindheim øvre i Bømlo kommune. Frist for merknader er sett til 12.11.2021.

Bakgrunn

Planområdet er regulert til barnehage, bustader, nærmiljøanlegg, småbåtanlegg, køyreveg, gang- og sykkelveg, kai, parkeringsplassar, landbruksformål, friluftformål og friluftsområde i sjø i gjeldande reguleringsplan frå 2013 (planID 201301). Planområdet er ca. 10 daa stort.

Føremålet med planarbeidet er å omregulere den delen som i gjeldande plan ligg inne som barnehage, til bustader (frittliggjande og konsentrert) med tilhøyrande leikeområde og trafikkareal. Det er ikkje lenger grunnlag eller behov for fleire barnehagar i området i følgje tiltakshavar. I tillegg til allereie regulerte einingar innanfor BK1 og BF1 ser ein føre seg å få plass til 4 stk. einbustader og 1 tomannsbustad innanfor B1. Det vil også bli nokre tilpassingar av tidlegare regulert veg og parkering, elles vidareførast resterande formål frå gjeldande plan.

Merknader

Statlege planretningslinjer (SPR) og regionale planer skal alltid leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningslova (pbl.), jf. pbl. §§ 6-2 andre ledd og 8-2. Sentralt i dette planarbeidet er særleg SPR for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø (2021) og rikspolitiske retningslinjer (RPR) for barn og planlegging.

Planarbeidet tek sikte på å omregulere eit areal frå ålmennyttige føremål til private bustader. Det vert då særleg viktig å sikre at barn og unge sine interesser vert godt ivareteke, og at ålmenne interesser i strandsona og friluftsliv vert både sikra og forbetra.



Friluftsliv og strandsone

Friluftsliv er viktig for trivsel og god helse. I mars 2016 vart Meld. St. 18 om friluftsliv godkjent i statsråd. Hovudmålet er at befolkninga skal drive med friluftsliv jamleg. Høvet til fysiske aktivitetar i kvardagen er viktig for alle, og nærområda er særleg viktige for barn og eldre.

Planområdet grenser til strandsone og område som i gjeldande plan for Espeland – Grindheim har areal sett av til friluftsføremål/LNF og som viser gangstiar langs sjø like forbi planområdet. Dette er eit viktig nærturområde, og planområdet for denne planen som no varslast oppstart på er ein viktig tilkomst. Det er også eit viktig leikeområde for barn og unge i skogen like nordom planområdet, som også har tilkomst herifrå. Vi legg til grunn at planarbeidet ikkje tek sikte på å omdisponere viktige leikeareal for barn og unge, og at tilkomst til sjø og nærturområdet ikkje vert forringa, men heller forbetra.

I sjø er det registrert eit viktig friluftslivsområde – Rutsøy, jf. Naturbase. Det er viktig at planarbeidet tek omsyn til friluftslivsinteresser i området. Det må gjerast ein grundig analyse av strandsoneverdiar og ålmenne interesser. Vi minner om dei nye statlege planretningslinjene for strandsona (2021), m.a. pkt. 6.2 om friluftsliv, som seier at *moglegheitene for ålment friluftsliv basert på ferdsl med båt, til fots og på sykkel, opphald på strand og bading, bør tryggast og forbeholdt. Det bør leggjast stor vekt på å oppretthalde og forbetre tilgjengelegheita til strandsona frå landsida og sjøsida, i tillegg til moglegheita for å ferdast og opphalde seg langs sjøen*. Planområdet ligg nært på friluftslivsområde og strandsona, i eit kvalitativt flott landskapsområde, og ei utbygging må tilpassast dette m.a. med tanke på å unngå privatisering av strandsona og uheldig påverknad på landskapet. Plassering av bygg, byggehøgde og terrenginngrep/opparbeiding vert viktige tema i denne samanheng.

Folkehelse

Det er ei forventning i folkehelselova at kommunane skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid for å fremje helse i befolkninga og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller lidingar. Alle planar skal fremje helse i befolkninga og motverke sosiale helseforskjellar, jf. pbl. § 3-1 bokstav f. Planlegginga skal vere helsefremmande gjennom å fremme faktorar som styrkjer helsa og livskvalitet, og som bidreg til å verne mot negative faktorar, jf. folkehelselova § 4. Eit sentralt element i folkehelsesatsinga er å sikre barn og unge gode oppveksttilhøve, jf. pbl. § 3-1 bokstav e og regional plan for folkehelse 2014-2025. Tilkomst og nærleik til nærturområde, gode soltilhøve for bustader og leikeområde, og kvalitativt gode leike- og uteopphaldsareal er viktige moment her.

Barn og unge

Omsynet til barn og unge sine oppvekstvilkår skal etter pbl. § 1-1 femte ledd og pbl. § 3-1 første ledd bokstav e ivaretakast i den kommunale planlegginga. Rikspolitiske retningslinjer av 01.09.1989 og rundskriv T-2/08 stiller nærmare krav til ivaretaking av barn og unge sine interesser i planprosessen. Kommunen skal organisere planprosessen slik at ulike grupper av barn og unge får høve til å delta, for at synspunkt som gjeld barn skal kome fram og verte ein del av prosessen. Vi viser elles til temarettleiar T-1513 om barn og unge og planlegging etter plan- og bygningslova, samt rettleiar H-2302 om medverknad i planlegging.

Barn skal ha areal i nærmiljøet der dei kan utfalde seg og skape sitt eige leikemiljø. For å få det til må ein ha tilstrekkeleg store areal som eignar seg for leik og opphald og som gir høve til ulike typar leik til ulike årstider. Areala må vidare kunne brukast av ulike aldersgrupper og gi høve for samhandling mellom barn, unge og vaksne. Areal og anlegg som skal brukast av barn og unge, skal vera sikra mot forureining, støy, trafikkfare og anna helsefare. Det må også vera tilstrekkeleg med sol.



Der ein endrar arealformål for areal som er sett av til fellesareal eller friområde som er i bruk eller eigna til lek, skal det skaffast fullverdig erstatningsareal, jf. pkt. 5d i retningslinjene. Areal som er i bruk av barn og unge i dag, bør først og fremst søkjast sikra gjennom planarbeidet, her også tilkomst.

Vi forutset også at planarbeidet legg opp til trygg ferdsle for mjuke trafikantar, og ei trygg skuleveg.

Samfunnstryggleik og beredskap/ROS-analyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. pbl. § 3-1 bokstav f, g og h. Pbl. § 4-3 set difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging.

Teknisk forskrift (TEK17) definerer kva som er akseptabel risiko for flaum og skred. For andre tema må kommunen sjølv ta stilling til kva som er akseptabel risiko og både gjere greie for og grunngje dette valet. Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal merkast på plankartet med omsynssone, og krav til risikoreducerande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Vi viser m.a. til KMDs rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling» og DSBs rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» (jan. 2018).

Klima og energi

Kommunen skal i planlegginga innarbeide tiltak og verkemiddel for å redusere utslepp av klimagassar og sikre meir effektiv energibruk og meir miljøvenleg energiomlegging, jf. statlege planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing. Vi viser òg til dei nasjonale forventningane til kommunal planlegging. Der vert det peikt på at kommunane skal leggje vekt på reduksjon av klimagassutslepp, energiomlegging og energieffektivisering gjennom planlegging og lokalisering av næringsverksemd, bustader, infrastruktur og tenester. Vi viser også til Miljødirektoratet si nettside www.klimatilpassing.no der ein finn aktuell kunnskap og informasjon om klimatilpassing.

Samordna bustad, areal og transportplanlegging

I følgje statlege retningslinjer for samordna bustad, areal og transportplanlegging skal utbyggingsmønster og transportsystem samordnast for å oppnå effektive løysingar, slik at transportbehovet vert avgrensa og ein legg til rette for klima- og miljøvennlege løysingar.

Utbyggingsmønster og transportsystem bør fremme utviklinga av kompakte byar og tettstader, redusere transportbehovet og legge til rette for klima- og miljøvennlege transportformer.

Utvikling av nye, større bustadområde må sjåast i samheng med behovet for infrastruktur. Planlegginga skal bidra til å styrke sykkel og gange som transportform.

Støy

Retningslinje T-1442/2021 for behandling av støy i arealplanlegging skal leggest til grunn i alt planarbeid.

Naturmangfald

Konsekvensane planendringa har for eventuell endra arealbruk skal vurderast etter naturmangfaldlova. Kjent kunnskap om eventuelle viktige førekomstar av naturmangfald må leggjast til grunn for det vidare arbeidet, og må kome tydeleg fram i planen, jf. naturmangfaldlova §§ 7 til 12.



Medverknad

Alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl. § 5-1. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging.

På nettsida www.miljokommune.no kan ein hente nyttige tips til planlegging.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Sarah Kvåle Skouen
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)

REGION VEST

Postboks 7900

Naustdalsvegen 1B

5020

6800

BERGEN

FØRDE

og Fiskarlagets Servicekontor AS, avd. Vest

Bergen, 12.11.21

Vår ref: 2021/1055
Sakshandsamar: Eirin Kongestøl Espeland

Dykkar ref:

Gøtz AS

Bømlo, Grindheim øvre, Steinavågneset – oppstart detaljreguleringsplan 14/265 m.fl. – uttale

Viser til brev av 29.09.21, med vedlegg, frå Gøtz AS om ovannemnde sak.

Ein kan ikkje sjå at det er tenkt endring i tilknytning til sjø. Ein føreset at tiltak i området ikkje har negativ innverknad på fiskeområda i nærleiken.

Fiskerinæringa er basert på fornybar biologisk produksjon, og er difor avhengig av eit reint og produktivt kyst- og havmiljø mest mogeleg fritt for miljøgifter, framandstoff og legemiddel. Ein har eit stort felles ansvar, både nasjonalt og internasjonalt, for å oppretthalde eit reint og produktivt hav. Det er avgjerande for kvalitet, omdøme og marknadsværdi for norsk sjømat. Det er viktig å førebyggje då det ofte er vanskeleg og dyrt å rydde opp i ettertid.

I tillegg er ein avhengig av å ha eigna areal å fiske på.


Med helsing
Fiskarlaget Vest

Britt Sæle Instebø
Dagleg leiar


Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Kopi: Sunnhordland Fiskarlag
Fiskeridirektoratet region Sør

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven underskrift.



Utsnitt Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy



Utsnitt av reguleringsplan



Gøtz AS
Att: Kari Hilde Rommetveit
Sæ 132
5417 STORD

Bømlo kommune - Uttale til melding om oppstart av detaljreguleringsplan for bustadområde Steinavågneset gnr14 bnr265 mfl Grindheim øvre

Vi viser til brev datert 29.09.2021 frå Gøtz AS med melding om oppstart av detaljreguleringsplan for bustadområde Steinavågneset, gnr 14 bnr 265 m.fl. Grindheim øvre, Bømlo kommune.

Planstatus og føremål

Området er regulert for barnehage og bustader m.m. plan ID:201301. Føremålet med detaljregulering er å omregulere den delen som i gjeldande plan ligg inne som «barnehage» til bustader (frittliggjande og konsentrert) med tilhøyrande leikeområde og trafikkareal.

Fiskeridirektoratet region Vest sin vurdering

Planområdet femner om eit mindre sjøområde tilknyta etablert kai. Det er ikkje registrert særskilde fiskeriinteresser i sjøområdet som tilseier at detaljregulering vil medføre auka konfliktpotensial. Fiskeridirektoratet har ikkje andre innspel enn at forslag til plan skal sendast på høyring til Fiskeridirektoratet region Vest.

Med helsing

Leni Marie Lisæter
seksjonssjef

Ola Midttun
seniorrådgiver

Brevet er godkjent elektronisk og vert sendt utan handskriven underskrift.

Mottakarliste:

Gøtz AS	Sæ 132	5417	STORD
---------	--------	------	-------

Kopi til:

Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Kystverket Vest	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Statsforvaltaren i Vestland	Statens hus	6863	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN



Svar på nabovarsel

Du kan bruke dette skjemaet for å si fra om du har merknader eller ikke. Den som er ansvarlig for byggeprosjektet sender merknadene dine til kommunen sammen med byggesøknaden.



08.10.2021 17:39:36 AR450028418

Her er det planer om å bygge, rive, eller endre

Prosjektnavn: 4613-14/265

Adresse: ,

Kommune: Bømlo

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
14	265	0	0

Adresse: ,

Kommune: Bømlo

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
14	187	0	0

Adresse: ,

Kommune: Bømlo

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
14	2	0	0

Adresse: ,

Kommune: Bømlo

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
12	18	0	0

Nabovarselet er mottatt av

Eier/ fester av naboeiendom: ARVID LILLEDAL

Adresse: Espelandssjøen 122, 5440 MOSTERHAMN

Gårdsnr.:	Bruksnr.:	Festenr.:	Seksjonsnr.:
14	279	0	0

Svar på nabovarselet (fylles ut av nabo/gjenboer):

Her kan du krysse av for om du har merknader eller ikke.

Dersom du har merknader, kan du skrive disse i tekstboksen under. Du kan også laste opp et vedlegg ved å trykke på "Oversikt - skjema og vedlegg" øverst til venstre.

Skjemaet kan kun sendes inn én gang.

- Jeg har ingen merknader
- Jeg har merknader

Merknad til nabovarselet:

Merknad frå eigar av Espelandsjhøen 122, 14\278.

Ved kjøp av eigedom og bygging i 2018 var det opplyst at det skulle bygges barnehage med parkeringsplass nærast våres eigedom. Ein parkeringsplass ligg så lavt i terrenget at dette i litengrad ville påvirke lys og utsikt ved vår eigedom.

Ved studering av nabovarsel står det at kotehøgde for tiltak i nabovarsel skal være som i allerede godkjent regulering, men det må reknes noko påfylling for å sikre fall på vann, avløp og andre tekniske installasjoner. Dette må beskrives bedre for å vise til faktiske kotehøgder før regulering kan godkjennes.

Våres merknad er derfor at nye tiltak ikkje kan godtas bygd høgare enn allerede godkjent kotehøgde ved eksisterandes reguleringsplan. Ved bruk av norgeskart som referanse ligger barnehagen med kotehøgde 6,8m ovh.

Dersom den som har sendt deg nabovarselet enkelt skal kunne kontakte deg ved behov, kan du legge inn e-post og/eller telefonnummer nedenfor. Dette er frivillig.

E-postadresse: arvid.lilledal@skanska.no

Telefonnummer: 93444451

SIGNERT AV

ARVID LILLEDAL på vegne av LILLEDAL ARVID

08.10.2021

Dette dokumentet er signert elektronisk og arkivert i Altinn.